



Advokatene Ommundsen & Co
Knut Grini
Jacob Kjødnes veg 15
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3059 - 17/31281

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.11.2017

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 18/7 Toft

Tiltak: Frådeling av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 18/7
Søklar: Advokatene Ommundsen & Co

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.10.2017 som gjeld frådeling av parsell til fritidsbruk.

På den omsøkte parsellen står det i dag eit bygg med status uthus. Det er i søknaden oppgitt at bygget er ombygd til fritidsbustad. Å bruksendra eit bygg frå uthus til fritidsbustad er eit søknadspliktig tiltak. Kommunen kan ikkje finna i det kommunale arkivet at det er søkt om eller gitt løyve til slik ombygging. Dersom slikt løyve likevel er gitt ber vi om at dette vert dokumentert ved innsending av øvrig tilleggskontroll.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Nabovarsel**
Kommunen vurderer at omsøkt tiltak krev nabovarsling og er såleis ikkje einig med søklar som skriv at naboar sine interesser ikkje vert berørt og at nabovarsling såleis ikkje er naudsynt. Kommunen har i vurderinga lagt vekt på at tiltaket også omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremål og byggjeforbod i strandsona.
- **Veg**
Det er i søknaden gjort greie for at parsellen skal nytta eksisterande avkjørsle frå fylkesveg 394, samt at eigedomen har rett til å etablera 2 stk parkeringsplassar på gbnr 18/7. Tilkomstveg og parkeringsplassar må teiknast inn på situasjonskartet. Det må gjerast greie for om det skal etablerast ny veg eller om veg er etablert i sin heilskap. Vedlagt følgjer situasjonskart.



Bruk av eksisterande avkjørsle krev løyve til utvida bruk. Det er Statens vegvesen som handsamar avkjørings saker frå fylkesvegar. Avkjøringsløyve må liggja føre før delingsløyve kan gjevast.

- **Vatn og avlaup**
Det er i søknaden gjort greie for at eigedomen skal ha privat vassforsyning frå eksisterande brønn. Det er ikkje gjort greie for avlaupsløysing. Før delingsløyve kan gjevast må det liggja føre utsleppsløyve.

Søknaden vil verta send på høyring til regionale styresmakter i påvente av innsending av tilleggsdokumentasjon.

Kommunen er av den oppfatning at det i denne saka kan vera føremålstenleg å avklara dispensasjonsspørsmålet først. For å vurdere dispensasjonen er det tilstrekkeleg at det er gjort greie for planlagt løysing for veg, vatn og avlaup og at tiltaket er nabovarsla. Dersom vi skal handsama søknad om dispensasjon og deling samstundes må det også liggja føre utsleppsløyve og avkjøringsløyve til fylkesveg 394.

Vi ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.12.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart gbnr 18-7

Kopi til:

Mottakarar:

Advokatene Ommundsen & Co

Jacob Kjødes veg 15 5232

PARADIS